

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 21.08.2022

Alver kommune  
Plan og byggesak  
v/sakshandsamar Larissa Dahl

### Kommentar til Fanagro sitt svar på vår klage av 1.7.2022.

Vi har funne eit brev frå Fanagro av 08.08. i kommunen si postliste, det hastar med å tilbakevise pga alle uriktigheitene.

Vi konstaterer først at F. ikkje tilbakeviser innhaldet i klagen vår.

#### SITAT FRÅ INNHALDET

«Området er pr d.d. et anleggsområde.» Det skal pr d.d. ikkje vere noko anleggområde her!

«Området vil, når tiltaket er ferdig, fremstå slik tegninger i saken og vilkår gitt av kommunen viser.»

Teikningane i saka er full av grove feil og stemmer ikkje innbyrdes. At F. forsikrar at tiltaket skal framstå i pakt med teikningar gir såleis ingen tillit.

«..og slik vilkår gitt av kommunen viser». Dette gir heller ingen tillit. Kven trur for alvor at 99/4 vil oppfylle vilkår gitt av kommunen, med bakgrunn i følgjande

- bygd landbruksveg i strid med løyve gitt av kommunen
  - arbeidd aktivt i strid med kommunalt tilbakeførings-krev (APM-krev)
  - pågående anleggsarbeid som endatil er i strid med F. sin nye søknad om bakkeplanering
- «Søker vil etterstrebe at tiltakshaver vil sluttføre arbeidet slik som omsøkt». I ordet «etterstrebe» les vi ei erkjenning frå Fanagro om at dei eigentleg veit at dette ikkje går. Det viser all erfaring i saka, og det vert bevist ved det som foregår i desse dagar: Med det arbeidet 99/4 har gjort dei siste dagane vert det umuleg å gjennomføre søknaden i Dyrkingsfelt 1, dvs «sluttføre arbeidet som omsøkt».

#### URIKTIG OM HØG MUR

«Terrenget på utsiden av muren vil bli tilbakeført til slik det var før avgraving, slik at høyden blir som på tegninger i saken». Fanagro si forklaring er feil. Murfoten står på opprinneleg terrengr, heile vegen. (Og terrenget er alt i dag altfor høgt framfor muren i forhold til slik terrenget var. Dette pga at mengdevis avgravd matjord frå tunet er bevisst kasta utfor muren på utsida. Denne jorda burde brukast til tilbakeføringa som skal skje til kulturbete inne i tunet.)

Teikningane til Fanagro når det gjeld mur stemmer ikkje med det som skjer i verkelegheita på 99/4. I P0 og P10 teiknar Fanagro at terrenget ikkje vert rørt, noko det i høgste grad vert. MUREN PÅ 6 M HØGD RUNDT P20 I TUNET ER VERKEN OMSØKT ELLER LOVLEG.

#### OM JORDMASSAR

«Det er lagret jordmasser på stedet. Disse vil primært bli benyttet før evt. tilkjørte masser». Faktum er at store mengder jordmassar frå tunet hittil er brukt til å kamuflere murar og fyllingar utanfor omsøkt område, jord som skulle vore brukt til å tilbakeføre til kulturbete inne i tunet.

**KRAV:** Det er eit absolutt krav frå 99/1 at det er avgravd matjord inne frå tunet som skal tilbakeførast opp imot grensa til 99/1, på det nærmeste berre 14 m frå huset vårt, i samsvar med krava frå APM og Landbruksavdelinga.

#### **LANDBRUSKVEG**

«*Når det gjelder landbruksveien, er den godkjent etter annet regelverk enn Pbl. Klagefrist er for lengst gått ut. Hvis klager har noen innvendinger, ber vi dem sende en bekymringsmelding til Landbrukskontoret». Klagefrist kan ikkje vere utgått på noko som ikkje er søkt om. Det har aldri vore søkt om å bygge opp eit fleire meter høgt steinplatå like framfor vårt hus og legge veien oppå dette platået 10 meter for langt nord, dvs like framfor oss. Vi har klaga rikeleg på dette gjennom eit heilt år til administrasjonen i kommunen, inkludert til Landbrukskontoret. Vi står fast på denne klagan, og krev veien både senka og lagt inn til rett trase.*

«*Veien er lagt litt om pga bonitetten på stedet. Omleggingen er minimal og har ingen betydning for stedets naturmangfold, avrenninger eller naboer.*» Dette er bevisst feilinformasjon, mot betre vitande. For å lage platået nord i tunet, der landbruksvegen no er ulovleg lagt, grov ein vekk eit **vesentleg område kulturbeite inne i sjølve tunet, med mykje høgare bonitet enn det skrinne partiet der vegen var godkjent.** (Det lukta sterkt «kumøk» av den djupe jorda som vart gravd opp der det før har lagt ei løe. Denne gode jorda vart berre «heve» ut over 99/4 sine dumpa steinmassar i lia nedanfor.) Den høgt boniterte hagejorda vart erstatta med eit fleire meter høgt, komprimert steinplatå like inn til hagegrensa vår. Dette opptil fleire meter høge steinplatået, der det før var hage/kulturbeite, vert av 99/4 no brukt til lagerplass for anleggsutsyr og gravemaskin heimehøyrande i Bergen kommune, til diesel etc., like inntil vår hage.

#### **KONKLUSJON LANDBRUKSVEG**

**Landskapsendringa/avviket i tunet er vesentleg på grunn av at vegen ikkje er lagt etter godkjent søknad, dette gjeld både beslaglagt område og kor mykje matjord som har gått tapt, i tillegg maksimal skade for kulturlandskap, naturmangfold og nabo.** Både Landbrukskontoret, administrasjonen og Fanagro har vore informert om dette sidan 2021. Klagefristen kan ikkje vere utgått på noko som ikkje er omsøkt.

Vi krev veien senka og lagt i riktig trase gjennom tunet, i pakt med den omsøkte og godkjente traseen som vi ikkje har klaga på.

#### **USALEG OM BREV OG MOTIV, FANAGRO PRØVER Å DRA NED VÅR TRUVERDIGHET**

«*Klager har sendt inn nærmere 100 klager og meldinger i saker vedr. gbnr. 99/4.....Det hadde vært drift igjen på gården for flere år siden hvis ikke klager hadde kommet med alle de innsigelser som foreligger i denne saken. Nok er nok».*

**Kommentar:** Vi kan ikkje ta dette alvorleg når Fanagro støttar dei som befinn seg på feil side av loven, og samtidig rettar peikefingeren mot oss, som er offer i saka. Vi har ikkje sendt **eitt einaste brev** som har vore unødvendig i saka, og om dette talet no skulle nærme seg 100 fortel det **alt** om belastninga vi er påført. Den eine sjokk-opplevinga med overgrep og sjølvtekst på **vår** eigen eigedom har avløyst den andre, i tillegg til alle dei lovbroten 99/4 har foretatt elles i tunet på Våge. Og samtlege lovbroten er begått på innmarksbeite/matjord.

Fanagro **veit** dessutan at svært mange av breva er skrivne for å tilbakevise feilinformasjon og feil «dokumentasjon» frå dei, dette har vore ein gjengangar i saka. Fanagro har også sjølve, ved å aktivt motarbeide den veien som no (heldigvis) er tatt i bruk ved løa, ein svært stor del av ansvaret for at ting har tatt tid. Fanagro har motarbeidd den sørlege traseen heilt fram til 2020, i stor grad ved uriktige påstandar og uriktig argumentasjon.

«Mye av klagens innhold er av en karakter som ikke kan anses som ødeleggende for klagers eiendom». Dette er grovt feil. Øydeleggjingane er formidable sett frå vår eigedom.  
«Det går mer på hvordan det har sett ut tidligere i forhold til hvordan det vil se ut nå». Det er kulturlandskapet før ei endring som skal danne utgangspunkt for søknad, dette er den lovlege framgangsmåten. 99/4 har ikkje brukt denne framgangsmåten, men har gjort tiltak på tiltak utan å søkje, og med dramatiske følger for kulturlandskap og tun. All normal form for dialog har vorte avvist av 99/4, vi har ofte mått skrive 2 brev om same ting avdi vi ikkje får svar. Når vi så minner munnleg om dette, kan vi oppleve å få slik beskjed: «Du får bare skrive 2 brev til». Vi har levd i eit mareritt i no 8 år. Den siste sjølvtekta pågår akkurat no, med anleggsmuring inne på vårt område ved Iøa, utan nokon form for kommunikasjon. Rett og slett stjeling, som vi har opplevd gong på gong.

#### ALLE DOKUMENTA TIL FANAGRO MED FEIL MÅ SKROTAST

Teikningsmaterialet til Fanagro må underkjennast pga dei omfattande feila. Dokument som ikkje er riktige må ut av systemet, så det ikkje går an å hente dei fram seinare og presentere dei som «fakta». Døme:

- Landbruksvei teikna feil, lagt mellom husa i gamletunet står stempla i Fanagro si teikning som «godkjent». Spekulativt og bevisst, må vekk. Vi trur vegen er bevisst lagt feil inn for å dukke opp igjen ved ein seinare korsveg.
- Kotehøgda i Fanagro sine teikningar har avvik på opptil 5 meter. Fanagro har forklart avvik med at senterlinja var lagt feil i første teikning, men at den no er retta opp. **Dette er feil, senterlinja er plassert på nøyaktig same stad i ny teikning.**

#### VI KREV UMIDDELBAR TILBAKEFØRING TIL RETT NIVÅ PÅ GRENSELINJA I TUNET

Det som har skjedd på grenselinja har vore eit regelrett lovbrotsom har ramma 99/1, det finst ingen grunn til å vente med å rette dette opp. Det er gjort administrativt vedtak om at nivået i grenselinja i tunet (der det no i 100 m lengde er lagt ein ulovleg oppbygd voll) skal ned igjen til det nivået det hadde før den ulovlege vollen. Vollen startar ulovleg delvis innanfor grensa på 99/1, og dekker over 2 grensemerke, eitt av dei eit kryss i berg som utgjorde topp-nivået inne i tunet. Vi har no lidd med denne vollen i over eit år, den har både forandra og forringa vår eigedom.

**Vi krev umiddelbar tilbakeføring til rett nivå på grenselinja i tunet. Vollen er bygd opp ulovleg, og er vedtatt tilbakeført. Vedtaket: Topp på ferdig dekke dei siste 2 meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg.** Dette inneber heilt konkret at her er eit 2 meters belte med massar, i 100 m lengde, som må gravast vekk i minst 1 m høgd, sidan her skal fyllast jord oppå til eit kulturbete-nivå. Vi krev som ein sjølvsagt ting at grenselinja i tunet skal ha tilbakeført jord frå den jorda som er lagt tilside inne i tunet.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust